

Saksframlegg

Utval	Utvalsaksnr.	Møtedato
Høgskulestyret 2019/2023	46/22	15.09.2022

LEITEKOMITÉ REKTORVAL**Framlegg til vedtak**

Styret peikar ut følgjande personar til leitekomité for rektorvalet:

- Ellen Strøm Synnevåg
- Silje Klepp
- Wenche Torrissen
- Erling Sivertsen
- Bjørnar Sæterås
- Trond Fredrik Hagemann Hoddevik

Bakgrunn

I valreglementet til HVO står følgjande (§ 8 punkt 4):

Styret oppnemner ein leitekomité med ein representant frå kvar avdeling, ein frå fellesadministrasjonen og ein student. Leitekomitéen skal aktivt bidra med å identifisere og presentere gode kandidatar til rektoratet. Leitekomitéen byrjar sitt arbeid eit år før rektorvalet. Leitekomitéen kan berre setje fram forslag til nominasjon etter punkt 3 i denne paragrafen

I valreglementet står det at leitekomiteen skulle vore oppnemnt eit år før rektorvalet, noko som i praksis var umogeleg sidan det ikkje då var bestemt om HVO skulle ha valt eller tilsett rektor. Rektorvalet vert lyst ut forholdsvis raskt etter styremøtet, og leitekomiteen må no setjast ned, slik at dei har tid gjennom heile nominasjonsperioden til å få fram gode kandidatar.

Vurdering

Komiteen skal bidra til å få fram gode kandidatar til rektoratet, både rektor og prorektor. Slik at arbeidet til leitekomiteen er ikkje avslutta før valkamperperioden byrjar, altså når kandidatane er presentert. Vi føreset altså at leitekomiteen ikkje berre leitar etter rektorkandidatar, men bidreg med å hjelpe eventuelle rektorkandidatar å finne prorektorkandidatar også.

Det er naturleg at leitekomiteen konstituerer seg sjølv, men må syte for å ha framdrift i arbeidet, slik at vi får fram gode kandidatar. Difor tenker vi det er naturleg at rektor kallar

inn til det fyrste møtet, og der informerer om kva leitekomiteen sine oppgåver er på bakgrunn av valreglementet, denne saka og diskusjonen i styret.

Leitekomiteen må ha kjønnsbalanse, jamfør 'Lov om likestilling og forbud mot diskriminering', noko som tilseier at komiteen skal ha tre kvinner og tre menn. Dei fire avdelingane, fellesadministrasjonen og studentparlamentet har alle nominert ein kandidat og dermed foreslår vi følgjande personar i leitekomiteen:

- Ellen Strøm Synnevåg (ASH)
- Silje Klepp (FADM)
- Wenche Torrissen (AKF)
- Erling Sivertsen (AMF)
- Bjørnar Sæterås (AHL)
- Trond Fredrik Hagemann Hoddevik (student)